

NVE Konsesjons- og tilsynsavdelingen

Postboks 5091 Majorstuen

0310 OSLO

25.10.2013

Att: Siri Merethe Fagerheim

Indre Trandal Kraftverk- Utgreiing for alternativet med redusert utbygging under fossen.

Viser til konsesjonssøknad datert 18.01.13, høringsuttalar og vår kommentar til dette av 22.08.13 synfaring den 13.09.13 og E-post av 24.09 der NVE etterspør meir informasjon for dette alternativet som også vart befart på synfaringsdagen.

Vi vurderar fortsatt det opprinnelege hovedalternativet som best då dette vil gi 6-7 gongar så mykje rein energi i forhold til det reduserte alternativet. Utbyggingsprisen for hovedalternativet vil også verte vesentleg lavare i kr/ årleg kWh.

Vassføringa i elva på synfaringsdagen var etter måling på nærliggande hydrologisk målestasjon godt under 5- persentil sommarverdi som i opprinneleg søknad er beregna til 113 l/s. Denne vassføringa ga eit godt visuelt inntrykk av fossane og vasstrengen frå fjell til fjorden. I tillegg har vi i kommentaren til høringsuttalen, foreslege å auke minstevassføringa på dagtid i juni, juli og august frå 113 l/s til 200 l/s for å betre landskapsopplevingane for dei som ferdast langs fjorden.

Vi ber om at opprinneleg søknad med noko auka minstevassføring på dagtid om sommaren vert fortsatt hovedalternativ for søknaden. Om dette hovedalternativet ikkje skulle føre fram til positivt vedtak, ynskjer vi vedtak på alternativet med redusert utbygging, sjølv om dette gir liten produksjon og vert relativt dyrt.

Vi håpar dei vedlagte informasjonane er i tråd med det som er bedt om av meir informasjon.

Med vennlig helsing.

Daniel Storeide
for. Daniel Storeide

Vedlegg: Redusert alternativ Indre Trandal kraftverk: Hoveddata, produksjonsutregningar, teknisk plan, kostnadsoveslag.

Kart i målestokk 1: 1000, som viser kraftstasjon, rørgate og inntak.

Notat frå Bioreg AS dat 16.10 – Verknad på biologisk mangfald ved redusert utbygging